



Haram Kultur-historiske Lag

Nyhendebrev nr. 11/23 datert 11.11.2023

Haram kulturhistoriske lag tek i bruk «Styreweb»



Det heitast at det du kan er ikkje det du lærer, men det er det du ikkje gløymer. Slik er det med kulturhistoriske lag også. Summen av det du samlar er alltid lik summen av det du greier å ta vare på. I styrearbeidet i Hkl, har vi alltid vore avhenging av private PCar, og minnepennar. Dette medfører stor fare for at viktig informasjon går tapt.

Oppdatering av viktige ting, som vår arkivnykkel, lever også eit usikkert liv. Viktig informasjon skal ligga på ein stad, og all revisjon av dokumentet skjer der, og kunn der. Dette har no styret i Hkl teke konsekvensen av, og vi er i desse dager i ferd med å laste styrearbeidet og medlemslister over på «Styreweb». Tilgang fylgjer funksjon, og ikkje person. Dette vil sikra at t.d. alle kasserarar i framtida vil ha tilgang til dei same saksmappene. Styrewb er eit moderne verktyg, som gjer kommunikasjon på epost og SMS ulikt mykje lettare. Dette har vi tru på.

Amanda Verpeide - Nytt medlem i styret



Tidsklemma er noko vi alle får kjenna på ein eller fleire gonge i livet. Vanlegvis fleire. Dette gjorde at vår kasserer bad seg fri frå vervet, og styret fekk ein ny kabal i fanget. Vi greidde ikkje å løysa den internt, so vi måtte ut for å sikra oss nye krefter inn, fram til neste årsmøte. Amanda kjem frå Canada, men er gift på Haramsøya, og snakker sunnmøring betre enn dei fleste. Vi ynskjer Amanda velkomen på laget.

Styret ser no slik ut:

Leiar: Sveinung Harald Giske

Nestleiar: Jan Magne Alvestad

Sekretær: Bjørn Kåre Høistad

Kasserar: Amanda Verpeide

Styremedlem: Atle Magnar Longva

Styremedlem: Odd Einar Fjørtoft

Varamedlem: Eirik Olaisen Kjerstad



Haram Kulturhistoriske Lag

Nyhendebrev nr. 11/23 datert 11.11.2023

Haram Kommune og IKAMR privatarkivordning.



Sveinung Giske, Vebjørn Krogsæter og Atle Longva

Vi i Haram kulturhistoriske lag, kjenner sterkt på det samfunnsoppdraget vi har teke på oss gjennom å samla inn historiske skriv, hendingar og gjenstandar, for på den måte å knyta vår felles fortid opp mot notid og framtid. Vi er flinke til å samla, men har store utfordringar når det gjeld å ta vare på alt på ein forsvarleg måte. Det er her vi treng hjelp, og difor avtala vi møte med Vebjørn Krogsæter i Brattvågen 2. november. Vi hadde med ei oppmoding om at nye Haram kommune måtte teikne medlemskap i IKAMR privatarkivordning, som koster kunn kr. 1,74 /innbyggjar pr. år.

Vi kjenner oss trygge på at Haram Kommune vil tilrettelegge arbeidsforholda for alle våre 3 historielag i kommuna, ved å teikne medlemskap.

IKAMR si privatarkivteneste har 20 av eigarkommunane i fylket som medlemmar: Aukra, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Hustadvika, Rauma, Sande, Sandøy (Ålesund), Smøla, Stranda, Sula, Sunndal, Surnadal, Tingvoll, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Medlemskap i ordninga inneber at privatarkiv frå innbyggjarane i medlemskommunane vert ordna og registrert, oppbevart etter forskrift og arkivliste publisert på

Arkivportalen. Arkivportalen er ei nasjonal søketeneste der ein finn informasjon over kva historiske arkiv som er bevarte i Noreg. På denne måten vert brukarar gjort merksame på at arkiva finst og at dei kan brukast. Innsyn i dei private arkiva vert gjort etter offentleg regelverk, dersom der ikkje eksisterer spesielle avtalar. Materialet kan ein, på same måte som med dei kommunale arkiva, få tilgang til ved IKAMR sin lesesal.



Haram Kulturhistoriske Lag

Nyhendebrev nr. 11/23 datert 11.11.2023

Haram kulturhistoriske lag og Høgskulen i Volda.



Bakre rekke: Svein Ove Søholt, Harald Nordang, Sindre Rogne, Atle Longva, Jostein Gunnar Farstad. Framme :Sveinung Giske, Leif Longvanes og Jan Alvestad (Gunnar Standal var ikkje til stades)

Vi i Haram kulturhistoriske lag kjenner oss rett heldige, som har vorte so godt teken i mot av Høgskulen i Volda (HVO). Fellestanken om ei «lokalsamfunnsanalyse av Nordøyane» starta allereie i 2019. Vårt mål den gongen, var, om mogeleg, å ta eit tidsavtrykk av livet på Nordøyane før åpninga av Nordøyvegen. Vi veit alle korleis det gjekk. Pandemien sette heile landet på vent, også vår prosess. Vi tok opp att tråden no i vår, og sist onsdag var vi samla ein gjeng på Gamleskulen på Flem. Med oss hadde vi Leif Longvanes, Førstelektor ved Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag. Vi veit at våre lesarar lurar på kven Leif er, som ber slikt eit flott familienamn. Vi skal forklare. Leif ettar frå Nesa på Longva. Faren, han Nes-Bjarne, var bror til han Nes-Per. Bjarne flytta til Fosnavågen, medan Leif, etter ferdig utdanning, flytta til Sogndal, der han jobba ved bl. a Høgskulen i fleire år. I år starta han å arbeida ved Høgskulen i Volda, men bur framleis i Sogndal. Det var kortversjonen om Leif. Å gjera ei studentoppgåve, skal og bør forgå på studentane sine premisser. Det beste resultatet er sikra slik. Med «nye Haram», finst det mange nye og interessante felt for studentane å fordjupa seg i. Men som Leif sa det: Nordøyane bør vera eit foretrukke laboratoria for mange samfunnsforskarar no.



Haram Kulturhistoriske Lag

Nyhendebrev nr. 11/23 datert 11.11.2023

Pos	Veke/dato	Aktivitet
1	Før veke 16	2 innleiande seminar om tema
2	Veke 16	Førebuing
3	Veke 17	Jobbe i grupper over tema. Ca 20 studenter oppdelt i grupper
4	Veke 17	Kursen er staka ut, og planane er lagde
5	Veke 18	Ut i felten
6	29.04 - 30.04.2024	Intervju
7	02.05.2024	Oppstart rapportering
8	14.05.2024	Rapporter ferdig
9	15.05.2024	Presentasjon

Vi vil få besøk av 20 studantar fordelt i 5 grupper, som vi gjer studiar innan sine felt, med blant anna intervju 29.-30.04.2024. Men før den tid, skal studentane få betre innsikt i Haram kommune, livet og forutsetninga for liv der. Det skal blant anna bestå i 2 innleiande seminar, der vi vil be anten ordførar eventuelt kommunedirektøren, møte på vegne av Haram Kommune. Dei vert ikkje dei einaste, då HVO ynskjer fleire vinklingar inn mot tema. Haram kulturhistoriske lag har sett ned ei støttegruppe av personar, frå dei aktuelle områda ein forventar at «Lokalsamfunnsanalyse» skal verta utført.

Forventninger:

Vi i Haram kulturhistoriske lag har forventning til oss sjølve at vi skal vera i stand til å legge dei ytre rammene på plass for å sikre at kvar student vert den beste versjonen av seg sjølv. Samstundes har vi også eit brennande ynskje om at dei forlet Haram kommune med positive tankar om samfunna og folket her.

15.05.2024, vil der vera representantar frå HKL i Volda, for å høyre på studentane sine presentasjonar av det arbeidet dei har gjort.

Årboka 2023

No er det ikkje lenge før Årboka for 2023 kjem ut frå trykkeriet i Brattvågen. Vi kjem til å gjennomføra ei spesiell lansering i samarbeid med biblioteket i år, og dette kjem vi attende til med eige «Nyhendebrev» ganske snart. Gled dykk